

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.05.2014

**Mona Røsvik Strømme** sette på vegner av H og Frp fram slikt forslag:

"Følgende tekst utgår:

5.2.4, side 45:

Andre tiltak er kjøprising eller tidsdifferensierte bomsatser og restriksjoner på parkering.

Side 48: Strategi C: Avgrense biltrafikk.

Innføring av differensierte bompenger i Bergen i høve - Rushtid".

**Marte Malones** sette fram slikt forslag:

"Nytt punkt 8:

Fylkestinget ber om årleg rapportering på måloppnåing på dei enkelte tiltaka."

**Mona Hellesnes** sette på vegner av V, H og Frp fram slikt forslag:

"Nytt punkt 6, alternativ til innstillinga:

Innan 2025 skal kollektivsektoren så langt som råd nytte framdriftsteknologi som er basert på fornybar energi."

### Røysting

Fylkesordføraren la innstillinga frå kultur- og ressursutvalet til grunn for røystinga.

Strømme sitt forslag fekk 7 røyster (H, Frp) og fall.

Innstillinga punkt 1-5 vart samrøystes vedteken.

Hellesnes sitt forslag vart vedteke med 8 røyster mot 7 røyster (A, Sp, SV, KrF) for innstillinga punkt 6.

Innstillinga punkt 7 vart vedteken mot 1 røyst (Frp).

Malones sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstillinga, siste avsnitt, vart samrøystes vedteken.

### Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget vedtar "Klimaplan for Hordaland 2014-2030" med følgjande

- Visjon:  
Hordaland på veg mot lågutsleppssamfunnet.
- Mål for klimagassutslepp:  
Utslepp av klimagassar i Hordaland skal reduserast med 22 % innan 2020 i høve til 1991 og 40 % innan 2030 i høve til 1991. Det vil seie ein årleg reduksjon på 3,9 % fram til 2020, og deretter årleg reduksjon på 2,6 % fram til 2030.
- Mål for energi:  
Energibruken i Hordaland skal reduserast med 20 % innan 2020 og 30 % innan 2030 i høve til 2007. Dette vil seie ein årleg reduksjon på 2,2 % fram til 2020, og deretter 1,3 % årleg reduksjon fram til 2030. Energibehovet til alle føremål skal i størst mogleg grad dekkjast av fornybare energikjelder utan tap av naturmangfald.
- Mål for tilpassing til klimaendringar:  
Tilpassing til klimaendringar skal baserast på føre-var-prinsippet, stadig meir presise grunnlags-

data og kunnskap om lokale tilhøve.

2. Fylkestinget vedtar tematiske mål, strategiar og retningslinjer slik det går fram av klimaplanen.
3. Fylkestinget inviterer kommunane, statlege styresmakter og etatar, næringslivet og frivillige organisasjonar til samarbeid og oppmodar dei om å aktivt medverke på sine område.
4. Fylkestinget vil kome attende til budsjettmessige behov til handlingsprogrammet i den årlege budsjetthandsaminga.
5. Fylkestinget vedtek at klimaplanen skal leggjast til grunn for andre regionale planar i Hordaland.
6. Innan 2025 skal kollektivsektoren så langt som råd nytte framdriftsteknologi som er basert på fornybar energi.
7. Fylkestinget vedtar at arbeidet med potensiell vindkraft vert trekt sterkare inn i klimaplanen 2014-2020.
8. Fylkestinget ber om årleg rapportering på måloppnåing på dei enkelte tiltaka.

Nytt pkt. 12 under strategi 6.3 – tekstdelen:

Utgjeie moglegheitene for å utarbeide ein felles profil på gjenvinning og kildesortering.